

Kunnskapsdepartementet

Deres referanse:
[Klikk her]

Vår dato:
02.01.07

Vår referanse:
[Klikk her]

Vår saksbehandler:
Lars Vangen
22993720/lars@elev.no

Høring - forslag til ny friskulelov

Elevorganisasjonen blei invitert til høring av Kunnskapsdepartementet angående forslaget til ny friskulelov. Me vil i dette notatet gjere reie for våre meiningar og kommentarar til det nye lovforslaget.

Frå friskule til privatskular med rett til statstilskot

Elevorganisasjonen meiner at friskuleomgrepet er eit ukorrekt og misvisande namn om dei private skulane, noko som det blei gitt klare signal om då den gjeldande friskulelova var ute på høring. Elevorganisasjonen stiller seg difor svært positive til at det no blir foreslått å gå tilbake til den gamle omgrepsbruken der ein nyttar formuleringa «private skular med rett til statstilskot».

Prinsippa rundt tilskot til friskulane

Elevorganisasjonen meiner at det offentlege er best eigna til å drive den vidaregåande skulen. Dette sikrar ein sterk fellesskapsskule. Likevel er det enkelte elevar som ikkje finn seg til rette i det offentlege skulesystemet. Med bakgrunn i dette synet er det naudsynt å gi økonomisk støtte til skular som vil drive basert på ein gjennomgåande alternativ pedagogikk. At det i det nye forslaget blir stilt strenge krav til oppretting av nye friskular, og at desse må drive basert på ei anerkjend alternativ pedagogisk retning, ser me som svært positivt. Når det gjeld dei andre typane kriterium for å starte ein friskule som fell under den nye lovgivinga, som utdanning kombinert med toppidrett, internasjonale skular, religiøse skular eller andre som ikkje har ein alternativ pedagogikk, er det viktig for oss at desse ikkje bryt med norsk lovgiving eller menneskerettane. Vidare meiner Elevorganisasjonen at skular som er eit supplement til den offentlege skulen, og som fell under den omtala lovgivinga, skal være fullfinansiert. Gratisprinsippet er viktig for å sikre eit likt utdanningstilbod til alle, og burde difor også gjelde for skulane som fell under den nye lovgivinga. Å utjevne sosiale forskjellar er ei uttalt målsetting. Å gjøre dei alternative tilboda tilgjengelege for alle, uavhengig av økonomisk eller sosial bakgrunn, er eit viktig ledd i arbeidet mot dette målet.

Det er ikkje lagt fram nokon endringar i utrekninga for tilskot til privatskular med rett til statstilskot i det nye lovforslaget. I dag reknar ein ut tilskotet frå eit nasjonalt gjennomsnitt, til tross for store regionale forskjellar. Dette har ført til at fleire fylker opplever at tilskotet til det som til no er kjend som friskulane er større enn til dei offentlege skulane. Dette er svært skadeleg for den offentlege skulen. Elevorganisasjonen meiner difor at ein bør ha ei

finansieringsordning der ein reknar tilskotet ut i frå fylkesnivået der privatskulen med rett til statleg tilskot vil starta, samt at ein i utrekninga tar omsyn til utdanningsprogrammet skulen ynskjer å tilby.

Krav til drift, tilsyn og kontroll

Elevorganisasjonen ynskjer å stille seg bak dei foreslått endringane i krava til drift av privatskular. § 2-4 innbærer at arbeidsmiljøet på godkjende skular skal tilfredstilla regelverket som også det offentlege er underlagt. Dette er positivt. I dag ligg mange vidaregåande skular under standarden for det som loven og sunn fornuft tilseier. At dette no blir tatt omsyn til også når det gjeld privatskular med rett til tilskot ser me som ei positiv utvikling og ei viktig satsing. Det er og viktig at det blir presisert at undervisninga skal foregå i lokale godkjend av departementet og at det skal ligga innanfor eit gitt geografisk område. Elevorganisasjonen ser dette som eit godt tiltak for å hindre at me får privatskular med rett til statleg tilskot som driv med fjernundervisning eller som har ein spreidd skule. Eit slik tiltak vil sikre at skulane som startar driv undervisning på ein plass, noko som vil ivareta det læringsmiljøet me meiner er nødvendig både for lærarar og elevar.

Elevorganisasjonen er nøgde med at tilsynet blir foreslått delt, med tanke på kontroll av tilskotet og drift. Den nye retninga med at departementet kan sanksjonera ein skule godkjend etter den nye friskulelova etter brot på andre lovar som til dømes markedsføringslova eller likestillingslova er god sikring mot at skular som på eit grunnlag som ikkje tilfredstiller norsk lovgivning ikkje blir godkjende eller får driva. Dette trur me vil gje svært positive resultat med tanke på at skulane blir meir bevisste over drifta og at den er tilfredstillande.

Grendeskular

Til no har det vore mogleg å drive såkalla grendeskular, der det offentlege ikkje har eit godt nok tilbod. Me stiller oss i utgangspunktet bak prinsippa som blir lagt til grunn for det nye lovforslaget, fordi vi meiner at det offentlege skal drive den vidaregåande skulen. Slike skular kan ikkje seiast å vere eit supplement til det offentlege tilbodet. Likevel er Elevorganisasjonen ueinige i at det skal settast ei grense for kor mange elevar som må gå ved ein privat skule med rett til statstilskot. Elevorganisasjonen meiner at det offentlege har ansvar for å ivareta undervisningsbehovet også i distrikta, og me ønskjar ikkje å hindre oppretting av ein skule som skal fylle opp der det offentlege ikkje strekker til. I dag har ein eit fåtal med slike skular i distrikta, der det offentlege ikkje gjer eit godt nok tilbod. EO meiner at lova har som hensikt å stanse kommersielle privatskular med rett til statleg tilskot og skular som ønskjer utkonkurrera den offentlege, ikkje dei såkalla grendeskulane som fungerer som eit supplement i den grad at dei erstattar det offentlege der dei sviktar.

Elevanes rettar ved privatskulane med rett til statleg tilskot

Elevorganisasjonen stiller seg bak dei foreslåtte endringane i inntaksordningane ved privatskular med rett til statleg tilskot. Elevorganisasjonen meiner elevar med rett til utdanning alltid skal være dei som prioriterast først, og ser det som svært positivt at elevar med rett til utdanning kjem før i køen enn vaksne utan rett. Elevorganisasjonen synes det er ein positiv utviling at også vaksne får moglegheit til å nytte seg av privatskular med rett til statleg tilskot, så lenge dei kjem bakarst i køen.



Elevorganisasjonen ser med bekymring på rettane til elevane ved privatskular med rett til statleg tilskot som legg ned midt i året. Om ein privatskule med rett til statleg tilskot legg ned midt i året står elevane utan rettar mht. utdanningstilbod. Ein slik situasjon kan være dramatisk for ein elev. Departementet bør difor være streng når det gjeld dei økonomiske forholda til skular som ønskjer å starta. Dersom ein privatskule med rett til statleg tilskot blir lagt ned midt i undervisningsår, bør det offentlege følge eleven opp. Elevorganisasjonen meiner det ikkje er godt nok at elevane står åleine utan retter ved ein nedlegging. Når departementet har godkjend ein skule har dei og eit visst ansvar for tilbodet eleven får.

Når det gjeld rettane på skulen ønskjer me spesielt å legge vekt på §5-3 som omhandlar elevråd. Det er bra at ein lovpålegg privatskular med rett til statleg tilskot å ha elevråd men denne delen bør være meir omfattande. Elevorganisasjonen stiller seg kritisk til at forslaget til ny friskulelov ikkje ivareteke elevane sin rett til allmøte slik den står i opplæringslova. Dette er ei innskrenking av elevar ved privatskular sine demokratiske rettar. Dersom eit elevråd med loven som den står no ønskjer å arrangere eit allmøte for å demokratisk melde seg inn i ein elevorganisasjon, så har dei ingen rett til dette. EO meiner at alle elevråd ved alle offentleg godkjende skular skal ha moglegheitene til å organisere seg, ettersom det er ein viktig faktor for å kontrollere at elevanes rettar blir tatt vare på. Slik er det no ved offentlege skular gjennom opplæringslova, og EO meiner at dette og bør gjelda for privatskulane med rett til statleg tilskot.

Elevorganisasjonen krever at:

- Skuler som har er eit gjennomgåande pedagogisk supplement til den offentlege skulen skal være fullfinansiert
- Fylkeskommunane skal ha vetorett når søknadar om oppstarting av private skular med rett til statleg tilskot behandlast av departementet
- Elevane ved private skuler med rett til statleg tilskot har like demokratiske rettar som elevane ved den offentlege skulen

Med vennlig hilsen

Jan Christian Vestre
leder

Lars Vangen
sentralstyremedlem



